

Nyheiter:


Sumaren er verkeleg over no sjølv om hausten bydd på mange fine dagar. Skulen og jobben har starta, og ikkje minst kulturskulen. Me kjem godt i gang og kan telja no 85 håpefulle elevplassar (ca 65 elevar) i musikk, dans, og kunst.

Visuell kunsten starta opp i Vangsnes og det fungerer glimrande i følgje vår superforneigd kunstlærer, Mona.

«Den kulturelle skulesekken» har me invitert TrommeLars som skal helde ei formidabel trommekurs i skulane i veke 47. Det blir veldig kjekt! TrommeLars tar med seg en heil lastebil fullt av trommer til alle born i Vik!

«Den kulturelle spaserstokken» Brit Eli held sangstunder på torsdager samt blir det elevkonsertar og taffelmusikk for eldre med lærere frå kulturskulen i VBS.

Marianne S. Kroken frå Luster starta songopplæring. Marianne er ein fantastisk sangar og songpedagog. Me prøvar ut nye veger derfor songopplæringen blir tilrettlagt både ved fysisk oppmøte og online undervisning. Det blir spanande å sjå utviklinga.



KOMMANDE ARRANGEMENT:

Det er mange ting som skjer i kulturskulen i Vik!

Piero kjem til å holde dansekurs den 22.-23. oktober, og 26.-27. november.

Workshop 29.-30. i oktober (gratis). Du melder deg på dansekurs og workshop via kommunen sin nettside. Her:

Kulturskulen planleggjer i tillegg å delta på strikkekaffe på tysdagar, historiskkaffe på fredagar, og elevoppdrag på div. arrangement. Meir info får du frå din kulturskulelærer.

Risgrøtfest i desember arrangerer me i Vangsnes i år. Meir info kjem!



Takkar alla elevar og føresatte for eit fantastisk oppstart!

I Vik kulturskule har vi tilbod innen musikk, dans og visuell kunst.



Vik kommune